



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

200701245 - 11

KTV/TSP

Sakshandsamar, tlf
Annlaug Meland -
E-post
aml@fmsf.no

Vår dato
07.10.2008
Dykkar dato
26.08.2008

Vår referanse
2008/3721 - 431
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

**Svar på høyringsrunde - søknad om mellombels senking av
vasstanden i reguleringsmagasina i Flåmsvassdraget i Aurland
kommune**

Me viser til høyringsbrev per 26.8.08 frå NVE og søknad frå Jernbaneverket per 3.8.08 om midlertidig senking av vasstand i reguleringsmagasin i Flåmsvassdraget.

Arbeidet i Reinungavatnet, Kleven og Seltuftvatnet er nødvendig, men Fylkesmannen føreset at dette arbeidet ikkje vil ha negative konsekvensar for anadrom fisk i Flåmselvi.

Flåmselvi er eit nasjonalt laksevassdrag der nye tiltak og aktivitetar ikkje er tillete om dette skader villaksen. Difor føreset Fylkesmannen at senkinga og hevinga av vasstanden i vatna ikkje vil gje ei merkbar endring av vasstanden i Flåmselvi i høve til den vasstand som elva normalt har på dei aktuelle tidspunkta for gjennomføring av tiltaket. Samstundes føreset Fylkesmannen at arbeidet ikkje fører til unormal tilslamming nedover i Flåmselvi på anadrom strekning.

Innlandsfiskbestandane er tette i Seltuftvatnet og Reinungavatnet (jr. Verneverdier og brukerinteresser i Flåmsvassdraget, upublisert NVE-dokument 1999) , slik at ei senking under LRV vil ikkje ha for store konsekvensar for aure- og røyebestandane på lengre sikt. Likevel bør perioden med senking under LRV vere kortast mogeleg, slik at gyting for aure kan førekoma.

Når det gjelder arbeidet med Seltuftvatnet reknar me med at søknaden om nedlegging blir avgjort før det blir gjort tiltak, slik at det ikkje blir unødvendige inngrep i vatnet/vassdraget.

Med helsing

Eli Mundhjeld
Eli Mundhjeld
Overingeniør/vassdragsforvaltar

Annlaug Meland
Annlaug Meland
førstekonsulent

Kopi pr. e-post: Jernbaneverket